



Valldal Idrettslag

Referat styremøte 13. juni kl 19.30 – klubbhuset

Til stades:

Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll, Anne Nygård

Fotball v/Anett Steinnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Disksport v/Richard Moen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Forfall:

Silje Grønning

Odd Lennart Vikene

Saker

18/19 Informasjon frå grupper og styret

Skigruppa:

Sesongen over. Storfjordlangrenn startar opp med samling no til helga, 8 deltakarar + 1 hospitant frå Valldal. Oppstart ordinær treningar ved skulestart. Skytetrening på Krikane. Har løparar som får vere med i Nordfjord team rekrutt, skiskyting.

Trimgruppa:

Sykeltrim 1. mai, 145 deltakar trass dårleg ver. Gjekk som planlagd. Ut plassering av trimpostar ikkje heilt ferdig. Det har vore litt skifte av postar.

Fotballgruppa:

Programblad er ferdig, fint produkt og godt resultat. Vert distribuert denne veka. Har fått nye drakter til seniorlaget frå Sparebanken Møre. God oppslutning av publikum på første seniorkamp. Tine fotballskule i august. Litt treg påmelding, men vil verte oppfylt. Aafk invitert til besøk i samband med 100 år. Straum til kiosk på kunstgrasbana under arbeid, står att installasjon. Reparert gjerde mot Torsvik og sett inn port.

Disksport:

Mykje aktivitet. Tre deltakarar med på eurotur på Vestnes. "Brutal" oppleving, høgt nivå. Mykje arbeid å halde vedlike baner. Fått plattningar til utkastfelt. 4x1,5 meter. Kunstgras på plattningar manglar. Nokon som har noko til overs? Vekas runde gjeng som vanleg, ikkje så mange som er med akkurat no

Friidrett:

Friidrettscup også i saman med Liabygda. To cupar avvikla hittil. Neste 20. juni. Ca 40 deltakarar på første cup. Lite liabygdarar er med, men også få barn i Liabygda. Storfjordstemnet 29. august i Eidsdal. Vurdere nytenking vedr cup neste år. Ny kommunestruktur, men lite interesse for friidrett i Stordal. Ikkje medlem i friidrettsforbundet.



Valldal Idrettslag

Styret :

Var med å hjelpte til på aktivitetetsdag for personar med nedsett funksjonsevne 4. mai.
Årsmøte i Norddal idrettsråd

19/19 Status for sommararrangement

Mefjellet opp 22. juni

Planlegging har pågått over lang tid og er vel "i rute". Arbeidslister er utsendt. Spent på deltaking og veret. God sponsorinntekt, også kommune og fylkeskommune støttar arrangement.

Olsok 27. juli

Hovedkomite oppnemnd og har hatt møte med fordeling av oppgåver og sett opp arbeidsgrupper. Program for laurdagen for det meste klart. Frode Alnes er programleiar og musikanter. Matkomite er i arbeid. Felles sponsergruppe for Mefjellet og Olsok. Lotteri med førehandssal. Mosjonsløp under kontroll. Nødvendig å kjøpe inn nytt telt etter det som vart øydelagd i fjor. Arbeidslister vert sett opp og sendt ut etter Mefjellet opp. Vurdering om det er muleg med rulleski på Murigrandane, etter at arrangement på kaia er ferdig.

20/19 Klubbhuset

Porten

Porten er ferdig. Det skal stå fast portopnar inne i garasjen. Reserve i nøkkelskapet og hos Anders.

Fotballvant (gåve frå Tafjord)

Anders opplyser at 2 stk 9 x 14 meter vert sett opp ute på kunstgras med mulegheit å flytte på.

Telt

Det er kjøpt inn to nye Quick-up telt, 3x3 meter og 3x6 meter.

Inne i salen

Vi har nokre diplomar som må hengast opp igjen. Blant anna "Kulturpris", "årets fotballkommune" med mer. Diplom "Rein idrett" kan hengast uten i gangen.

Det vert laga ein bildemontasje som viser litt av historia til idrettslaget. Desse vert hengt opp inne i salen, samla nær inngangspartiet

Mange pokalar er pussa. Det ligg att nokre som ressursgruppa får oppgåve å pusse. Plassen i hyllene må fordelast mellom gruppene. Det vert ikkje sett opp fleire skap.

Det vert sett opp ein dugnadskveld for ordning av pokalar og diplomar

Kva med forsikring av pokalane? Affeksjonsverdien kan ikkje erstattast, men det er store verdiar i sølvet.

Styret kom ikkje til noko løysing på dette spørsmålet.

Det er ei nemnd som arbeider med jubileumsbok. Randi Flø er ansvarleg og "redaktør"

21/19 Arbeidsplan 2019

Gjennomgang av tiltak i arbeidsplanen, ev prioritering av tiltak

Arkiveringa av dokument



Valldal Idrettslag

Det er ulike system som ein kan bruke. SPOND er eit privat firma. Eller >KLubbadmin hos idrettsforbundet. Det må vere eit system der gruppeleiarane kan leggen inn referat frå gruppene og styret kan ha tilgang og legge inn sine dokument. Vi må sjå korleis det skal byggast opp og kven som skal sjå kva.

Speakeranlegg

Det er tidlegare vedteke å kjøpe inn speakeranlegg til kunstgrasbana. Det ser ut som det har vorte mindre behov for dette etter kvart (ikkje aktuelt å arrangere miniturneringar for tida). Det kan også vere tekniske utfordringar å montere høgtalarar. Det er innkjøpt enkelt berbart anlegg med batteridrift og trådløs mikrofon. Dette kan også brukast på kunstgrasbana.

Vedtak: Vi avventar innkjøp av nytt speakeranlegg

Djuprens av kunstgrasbana

Anders har vore i kontakt med idrettslaget i Eidsdal. Vi får låne utstyret.

Vedtak: Anders ordnar dette

Bord og benkar ved kunstgrasbana

Vi fekk 10 benkar i 2018 frå Sparebanken Møre. Desse er plassert på kaia på Sylte. Anders kan ta to stykker og plassere desse på grusen ved kunstgrasbana. Dei er tunge men han kan bruke kran.

Vedtak: Anders flyttar to benkar frå Sylte til kunstgrasbana.

Diverse

Det er ein bobilar som pakerer på plsse. Vi må sette opp skilt om at det ikkje er lov å campe.

Det er observert barn som kjem syklende direkte rundt hjørnet på klubbhuset, ned stien til kunstgrasbana og rett ut på vegen. Vi må sette opp fysisk sperring slik at det ikkje skjer ei ulykke.

Vi bør får skilt som viser at det er open kiosk. Gjerne som kan slåast saman.

Hus ved kunstgrasbana for oppevaring av fotballmål vert lagt på is grunna høg pris. Anders opplyser at det er eit prisanslag på om lag kr 240.000.

Styret har ei formeining om at nokon som deltar i idrett/trening utan at dei er medlem i idrettslaget. For å sjekke opp medlemskapet vert medlemsliste over betalande medlemmar sendt til gruppeleiarane. Desse får i oppgåve å kontrollere mot dei som er aktive.

21/19 Æresmedlemskap

Laget har p.t. eit æresmedlem, Inger Aufles. Det kan vere fleire som er aktuelle for slik utnemning, men det bør vere retningslinjer som grunnlag for dette. Styret meiner det henge



Valldal Idrettslag

høgt å verte æresmedlem. Den må ha utmerka seg i sport eller ha gjort ein stor innsats for idrettslaget. Det vert oppretta ein nemnd for å lage forslag til retningslinjer. Det kan vere aktuelt å sjå på kriterie i andre idrettslag. Kva inneber det å verte æresmedlem. Gratis medlemskap for evig tid eller? Skal retningslinjene seie noko om anna påskjønning – kan det t.d. delast ut heidersteikn kvart år

Vedtak: Som nemnd vert vald Trond Håvoll, Odd Lennart Vikene og Anne Nygård. Nemnda bør kome med eit utkast til retningslinjer til neste styremøte.

22/19 Møteplan haust 2019

Vedtøken møteplan:

Torsdag 22. august

Torsdag 19. september

Torsdag 17. oktober

Torsdag 14. november

Torsdag 5. desember